



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 12.06.2023
Møtestad: Stordalen fjellstove
Møtetid: 11:30 - 17:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
Frode Langhelle	H	Medlem
Kariann Ekren	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	UR	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Ørjan Daae	Frp	Jostein Kvamme Duesund
Stian Søvik	Sp	Silje Vågseth Kjetland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
024/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/2023	Godkjenning av møtebok
001/2023	Innkomne spørsmål til kommunestyret
026/2023	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2023
027/2023	Finansrapportering pr 1.tertial/30.04.2023
029/2023	Utbygging av kommunalt bustadfelt i Ytre Haugsdal på gnr. 1 bnr 97
028/2023	Rammer for årsbudsjett 2024
030/2023	Kjøp av egedomen Matre 27
031/2023	IL Bjørn West - søknad om for- og medfinansiering av ny idrettsbu på Matre
032/2023	Tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden Utvikling as
033/2023	Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027
034/2023	Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2022-2023
035/2023	Avtale syns og Audiopedagogisk teneste
037/2023	Ny samarbeidsavtale for IUA
036/2023	Søknad om serverings- og skjenkeløyve
038/2023	Referatsak
039/2023	Bygdevekstavtale - søknad om prosjektmidlar saman med Gulen kommune
040/2023	Ny oppmoding om busetting av flyktningar 2023
041/2023	Vegutbetringar langs fylkesveg 570

024/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Det vart sett fram forslag om Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) og Geir Egil Haugsvær (Sp) til å skriv under protokollen.

- Drøftingssak - Politisk organisering / organisering Teknisk Utval - vart lagt til sakskartet
- Drøftingssak - Utbygging av bustader / omsorgsbustader på Haugsvær - vart lagt til sakskartet
- Sak - Bygdeveksttale - søknad om prosjektmidlar saman med Gulen kommune - vart lagt til sakskartet
- Sak - Ny oppmoding om busetting av flyktingar 2023 - vart lagt til sakskartet
- Sak - Vegutbetringar langs fylkesveg 570 - vart lagt til sakskartet

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 024/2023 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

025/2023: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 025/2023 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

001/2023: Innkomne spørsmål til kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg:

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt svar:

Dei flyktingane som vi har busett frå Ukraina kjem til oss med kollektiv beskyttelse. Det er særreglar for dei som gjer at dei har retten sin i eit mykje kortare perspektiv 6 mndr. 12 mndr og 18.mndr. Målet er at dei skal kunne reise heim til Ukraina når det er trygt. Når dei er ferdige med introduksjonsprogrammet står dei fritt til å flytte innan Noreg dersom dei får seg jobb. Dei er difor mykje meir mobile i si busetting, og vi ser at mange har eit ynskje om jobb i og rundt byane. Dei søker jobb i nærområdet vårt der det er ledig.

Det vart på Vaksenopplæringa gjort ei fagleg vurdering når ein oppretta eit tilbod til flyktingane frå Ukraina i 2022. Flyktingane sjølv nyttar Google translate i sine samtalar, dei oversett til bokmål. Alle ordbøker er på bokmål. Dei fleste læreverka for vaksne er på bokmål. Det er vaksne som er elevar hjå oss, og dei kan be om bokmål. Ber nokon om nynorsk vil ein gje dei det.

Nabokommunane våre underviser og dei Ukrainske flyktingane på bokmål av same grunn som oss.

Kommunestyret ønskjer at ein så langt som mogeleg nyttar nynorsk som opplæringsform i Masfjorden kommune.

KS - 001/2023 VEDTAK:

026/2023: Økonomisk rapportering - 1.tertial 2023

Rådmannen sitt framlegg:

Driftsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 037/2023 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 026/2023 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

027/2023: Finansrapportering pr 1.tertial/30.04.2023

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapport pr. 1.tertial/30.april 2023 vert teken til vitring.

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 038/2023 VEDTAK:

Finansrapport pr. 1.tertial/30.april 2023 vert teken til vitring.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 027/2023 VEDTAK:

Finansrapport pr. 1.tertial/30.april 2023 vert teken til vitring.

029/2023: Utbygging av kommunalt bustadfelt i Ytre Haugsdal på gnr. 1 bnr 97

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune løyver krone 13.074.067,- til utbygging av bustadfeltet Ytre Haugsdal.

Deler av investeringa må innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2024. Utgifter i år vert dekkja over bustadfondet.

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 041/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver krone 13.074.067,- til utbygging av bustadfeltet Ytre Haugsdal.

Deler av investeringa må innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2024. Utgifter i år vert dekkja over bustadfondet.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 029/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver krone 13.074.067,- til utbygging av bustadfeltet Ytre Haugsdal.

Deler av investeringa må innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2024. Utgifter i år vert dekkja over bustadfondet.

028/2023: Rammer for årsbudsjett 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Grunnlag for driftsbudsjett 2024 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2024 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Formannskapet har drøfta saka og vil kome attende til vedtak i kommunestyret.

FS - 059/2023 VEDTAK:

Formannskapet har drøfta saka og vil kome attende til vedtak i kommunestyret.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Ørjan Daae (FrP) kom med følgjande innspel til rammesaka:

Masfjorden FrP legg fram forslag om at rammene til vedlikehold av kommunale veier økes fra 800 000 kr til 2 600 000 kr.

Dette vil tilsvarer den samme summen som kommunen bruker på vintervedlikeholdet (snøbrøyting)

Budsjettet for vedlikehold av kommunale veier, har vi diskutert i Teknisk utvalg og tilbakemeldingen fra teknisk leder i kommunen, er at han trenger tilsvarende budsjett til vedlikehold om sommaren, som en gjør han til vintersesongen. Brøytekontraktene har økt med 26 % for neste periode. Flere av dei kommunale veien er så bua i veibanen, at en må kjøre flere ganger på samme strekningen for å få vekk snøen.

Meir asfalt vil betyr at slitasjen kommunale veier blir mindre, mindre kostnader til å reparere veiene etter en vintersesong. Disse kostnadene går utover somrervedlikeholdet.

Når det gjelder Investeringer i kommunale veier er behovet pr dags dato 13, 45 mill. Dette er hovedsakelig legging av ny asfalt. Det andre er rekkverk, fjellrens, veilys, snuplass, skrefarevurdering, grøfterens og kantklipping.

Tilrådingen fra TML er på 3,1 mill.

Masfjorden Frp legg fram forslag på å øke med en mill, slik at investeringer på kommunale veiene kan får ei ramme 4.1 mill.

Torill Torvik Størkersen (Ap) kom med følgjande innspel til rammesaka:

I dag har alle andre sektorar enn barnehage og omsorg betalt lunsjpause. På bakgrunn på rettferdsprinsipp og at dei tilsette er pliktig til å vere til stades på arbeidsplassen ved avvikling av lunsjpausen, har Masfjorden forslag til følgjande tiltak:

Forslag til vedtak:

Betalt lunsjpause må reknast inn i turnusen for omsorgstenesta og barnehagetilsette når ramme for 2023 skal leggest.

Siri Tangedal Kratzmeiere (KrF) kom med følgjande innspel til rammesaka:

Leiarar i kommunen vert oppmoda om å kome med innspel til budsjettet kvar år. KrF har fått med seg at leiar for heimetenesta tre år på rad har spelt inn behov for auka ressursar knytt til demensomsorga i kommunen. Leiar har aldri fått tilbakemelding og dette har aldri nådd fram til oss politikarar. KrF vil difor no lyfta dette fram for å få eit politisk vedtak på styrking av demensomsorga med eit årsverk knytt til heimetenesta sitt budsjett. Dette vert finansiert med bruk av fond.

Litt bakgrunn:

Kommunen har i form av ei brosjyre og som informasjon på heimesida informert innbyggjarane om at me har eit Hukommelsesteam som skal bistå i utredning av demens hjå heimebuande, gje veiledning, råd og tilby avlastning for pårørande. Dette skapar forventningar og forpliktar. Det er ikkje satt av ressursar til dette arbeidet, så det er ikkje oppe og går. Enten må me bevilga ressursar eller så må me fjerna informasjonen som ligg ute. Det siste er ikkje aktuelt så lenge dagtilbod for heimebuande demente er lovpålagt, og behovet er aukande.

Framlegg til vedtak:

Demensomsorga i kommunen vert styrka med eit årsverk knytt til heimetenesta sitt budsjett. Dette vert finansiert med bruk av fond

Kommunen slit med å rekruttera helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Det er ingen som søker på stillingane som er utlyst.

KrF vil be administrasjonen jobbe med ei omorganisering av heimetenesta for å sikre rett kompetanse på rett stad. Praktisk bistand, dvs husvask, må utførast av reinhaldarar og ikkje helsefagarbeidarar og sjukepleiarar som no.

Innspela som kom i møte vert arbeid vidare med i samband med årsbudsjettet for 2024, utover hauste 23.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 028/2023 VEDTAK:

Grunnlag for driftsbudsjett 2024 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2024 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

030/2023: Kjøp av egedomen Matre 27

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av egedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 042/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av egedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Frode Langhelle (H) sa han var ugild i denne saka då han var tilsett i selskapet som sel bygget. Kommunestyret samla seg om at Langhelle var ugild og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - 030/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av egedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet

031/2023: IL Bjørn West - søknad om for- og medfinansiering av ny idrettsbu på Matre

Rådmannen sitt framlegg:

- **Masfjorden kommune forskottera spelemidler med inntil kr. 635.000 og meirverdiavgift med inntil kr. 292.543 på prosjekt idrettsbu i regi av idrettslaget Bjørn West, sum totalt kr. 927.543 i form av utlån, med 1 års rentefritak.**
- **Masfjorden kommune yter tilskot med inntil kr. 275.000 til prosjektet.**

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 043/2023 VEDTAK:

- **Masfjorden kommune forskottera spelemidler med inntil kr. 635.000 og meirverdiavgift med inntil kr. 292.543 på prosjekt idrettsbu i regi av idrettslaget Bjørn West, sum totalt kr. 927.543 i form av utlån, med 1 års rentefritak.**
- **Masfjorden kommune yter tilskot med inntil kr. 275.000 til prosjektet.**

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 031/2023 VEDTAK:

- **Masfjorden kommune forskottera spelemidler med inntil kr. 635.000 og meirverdiavgift med inntil kr. 292.543 på prosjekt idrettsbu i regi av idrettslaget Bjørn West, sum totalt kr. 927.543 i form av utlån, med 1 års rentefritak.**
 - **Masfjorden kommune yter tilskot med inntil kr. 275.000 til prosjektet.**
-

032/2023: Tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden Utvikling as

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram for drøfting i kraftfondsstyret, og at kraftfondsstyret innstiller overfor kommunestyret

05.06.2023 KRAFTFONDSSTYRET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framleg til vedtak i møtet:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen vert Masfjorden kommune sin representant i forhandlingane med Vestland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjer i GMU. Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - 018/2023 VEDTAK:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen vert Masfjorden kommune sin representant i forhandlingane med Vestland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjer i GMU. Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

KS - 032/2023 VEDTAK:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen vert Masfjorden kommune sin representant i forhandlingane med Vestland fylkeskommune og Siva om eventuelt kjøp av aksjer i GMU. Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret for endeleg tilslutning.

033/2023: Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027

Rådmannen sitt framlegg:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

05.06.2023 ADMINISTRASJONSUTVALET

Saka vart drøfta.

Ørjan Valestrand bad om at teksten på side 20 vart endra til

komplett fysiskalsk lymfødeme behandling

før plandokumentet vart ferdigstilt

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til formannskapet.

AU - 010/2023 VEDTAK:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

FS - 047/2023 VEDTAK:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Sp etterlyste tiltak under teknisk og spesielt brann og redning, noko som må vere ein del av planen.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt attende til Rådmannen for vidare utgreiing.

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes vedteke.

KS - 033/2023 VEDTAK:

Saka vert sendt attende til Rådmannen for vidare utgreiing.

034/2023: Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2022-2023

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 048/2023 VEDTAK:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2022-2023 og tek meldinga til orientering

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Kommunestyret samla seg om å utsette saka til neste møte for å få ein grundigare gjennomgang av kvalitetsmeldinga i lys av diskusjonen i møtet.

KS - 034/2023 VEDTAK:

Saka vert utsett til neste kommunestyremøte for å få ein grundigare gjennomgang av kvalitetsmeldinga i lys av diskusjonen i møtet

035/2023: Avtale syns og Audiopedagogisk teneste

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 049/2023 VEDTAK:

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune godkjenner den reviderte avtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) og sluttar seg til frå 01.10.2023

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 035/2023 VEDTAK:

Rådmannen rår til at Masfjorden kommune godkjenner den reviderte avtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) og sluttar seg til frå 01.10.2023

037/2023: Ny samarbeidsavtale for IUA

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensing Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.

.

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 045/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensing Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.

.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 037/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensing Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.

.

036/2023: Søknad om serverings- og skjenkeløyve

Rådmannen sitt framlegg:

1. Nautesund Camping og Hytter Vangsnes v/Gerd Norunn Vangsnes får serverings- og skjenkeløyve i restaurant i 2.etasje i Fensfjordvegen 1228, adr. Hosteland.
2. Skjenking av alkoholholdig drikke gjeld:
 - Alkoholgruppe 1 , øl, cider og rusbrus med alkoholinnhold opp til 4,7 %
 - Alkoholgruppe 2, øl, vin og brennevin med alkoholstyrke mellom 4,7 % og 22 %
3. Styrar for skjenkeløyvet: Gerd Norunn Vangsnes.
4. Skjenkeareal: Bar og restaurant i 2.etasje og utvendig terrasse tilhørende restaurantdelen.
5. Skjenketider:

For skjenking gruppe 1 og 2: kl. 13.00 – 02.00.

Til lukka arrangement vert det gjeve løyve til skjenking av alkohol gruppe 3, brennevin med alkoholstyrke 22% - 60%, i tidsrommet kl. 17.00 – 02.00.

6. Det er eit vilkår for skjenkeløyvet at det ved skjenkestaden også er eit allsidig mattilbod.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 15.6.2023 til og med 31.3.2024.
8. Serveringsløyvet er ikkje tidsavgrensa for denne eigaren og denne lokaliteten.
9. Eit vilkår for serverings- og skjenkeløyvet er at Gerd Norunn Vangsnes legg fram dokumentasjon på bestått etablerarprøve jfr. Serveringslova og kunnskapspøve jfr. Alkohollova.

05.06.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 044/2023 VEDTAK:

1. Nautesund Camping og Hytter Vangsnes v/Gerd Norunn Vangsnes får serverings- og skjenkeløyve i restaurant i 2.etasje i Fensfjordvegen 1228, adr. Hosteland.
2. Skjenking av alkoholholdig drikke gjeld:
 - Alkoholgruppe 1 , øl, cider og rusbrus med alkoholinnhold opp til 4,7 %
 - Alkoholgruppe 2, øl, vin og brennevin med alkoholstyrke mellom 4,7 % og 22 %
3. Styrar for skjenkeløyvet: Gerd Norunn Vangsnes.
4. Skjenkeareal: Bar og restaurant i 2.etasje og utvendig terrasse tilhørende restaurantdelen.
5. Skjenketider:

For skjenking gruppe 1 og 2: kl. 13.00 – 02.00.

Til lukka arrangement vert det gjeve løyve til skjenking av alkohol gruppe 3, brennevin med alkoholstyrke 22% - 60%, i tidsrommet kl. 17.00 – 02.00.

6. Det er eit vilkår for skjenkeløyvet at det ved skjenkestaden også er eit allsidig mattilbod.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 15.6.2023 til og med 31.3.2024.
8. Serveringsløyvet er ikkje tidsavgrensa for denne eigaren og denne lokaliteten.
9. Eit vilkår for serverings- og skjenkeløyvet er at Gerd Norunn Vangsnes legg fram dokumentasjon på bestått etablerarprøve jfr. Serveringslova og kunnskapsprøve jfr. Alkohollova.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 036/2023 VEDTAK:

1. **Nautesund Camping og Hytter Vangsnes v/Gerd Norunn Vangsnes får serverings- og skjenkeløyve i resturant i 2.etasje i Fensfjordvegen 1228, adr. Hosteland.**
2. **Skjenking av alkoholhaldig drikke gjeld:**
 - Alkoholgruppe 1 , øl, cider og rusbrus med alkoholinnhold opp til 4,7 %
 - Alkoholgruppe 2, øl, vin og brennevin med alkoholstyrke mellom 4,7 % og 22 %
3. **Styrrar for skjenkeløyvet: Gerd Norunn Vangsnes.**
4. **Skjenkeareal: Bar og resturant i 2.etasje og utvendig terrasse tilhøyrande resturantdelen.**
5. **Skjenketider:**

For skjenking gruppe 1 og 2: kl. 13.00 – 02.00.

Til lukka arrangement vert det gjeve løyve til skjenking av alkohol gruppe 3, brennevin med alkoholstyrke 22% - 60%, i tidsrommet kl. 17.00 – 02.00.

6. **Det er eit vilkår for skjenkeløyvet at det ved skjenkestaden også er eit allsidig mattilbod.**
 7. **Skjenkeløyvet gjeld frå og med 15.6.2023 til og med 31.3.2024.**
 8. **Serveringsløyvet er ikkje tidsavgrensa for denne eigaren og denne lokaliteten.**
 9. **Eit vilkår for serverings- og skjenkeløyvet er at Gerd Norunn Vangsnes legg fram dokumentasjon på bestått etablerarprøve jfr. Serveringslova og kunnskapsprøve jfr. Alkohollova.**
-

038/2023: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Drøftingssaker:

- Utbygging av bustader / omsorgsbustader på Haugsvær
 - Kommunestyret samla seg om å be administrasjonen om å starte prosessen med å bygge fleire bustader / omsorgsbustader på Haugsvær
- Politisk organisering / organisering Teknisk Utval:
 - Kommunestyret samla seg om å be om at det vart sett ned ei politiske arbeidsgruppe som leverer si innstilling til nytt kommunestyret. Rådmannen er sekretær for utvalet.

Referatsaker:

Skriv 1: Protokoll 2-2023 Regionrådet Nordhordland

Skriv 2: Justert oppmoding om busetting 2023 - Masfjorden kommune

Orientering frå ordfører:

- ordfører orienterte kort om status for eventuell ny Sandnesbutikk
- ordfører orienterte om komande møte med kommunaldepartementet ang Masfjordenbrua

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS - 038/2023 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

039/2023: Bygdevekstavgift - søknad om prosjektmidler saman med Gulen kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune sluttar seg til felles søknad med Gulen kommune kring prosjektmidler/
bygdevekstavgift 2023

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 039/2023 VEDTAK:

**Masfjorden kommune sluttar seg til felles søknad med Gulen kommune kring prosjektmidler/
bygdevekstavgift 2023**

040/2023: Ny oppmoding om busetting av flyktningar 2023

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen rår til at det vert teke ny utsjekk av mogeleg ledige husvære og ein vurderer på nytt kapasiteten på personalsida, og vil om det då er mogeleg vere villig til å ta imot fleire flyktningar enn dei vi allereie har sagt ja til for 2023. Kommunestyret delegerer til rådmannen å svara ut innan fristen 31.08.23

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 040/2023 VEDTAK:

Rådmannen rår til at det vert teke ny utsjekk av mogeleg ledige husvære og ein vurderer på nytt kapasiteten på personalsida, og vil om det då er mogeleg vere villig til å ta imot fleire flyktningar enn dei vi allereie har sagt ja til for 2023. Kommunestyret delegerer til rådmannen å svara ut innan fristen 31.08.23

041/2023: Vegutbetringar langs fylkesveg 570

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil 1,6 mill.kr., finansiert over drifta/driftsrekneskapen 2023.

12.06.2023 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 041/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner framforhandla avtale med Vestland fylkeskommune, kring vidare vegutbetringar langs fv. 570, kor kommunen går inn med tilskot inntil 1,6 mill.kr., finansiert over drifta/driftsrekneskapen 2023.

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 12.06.23 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Siri Tangedal Kratzmeier
kommunestyremedlem

Geir Egil Haugsvær
kommunestyremedlem